



NATTVERDGUDSTENESTE UTANOM HØGMESSA

1. Desse ordningane kan nyttast både på kvardagar og på sundagar, men ikkje ved hovudgudstenesta på sundagar og andre helgedagar.
2. Dersom dei vert nytta saman med andre ordningar, så som Morgoncong, Aftansong eller Skriftemålgudsteneste, tek ein vanlegvis til med ledd 8 Salme før nattverden.
3. Notar til dei einskilte ledda finn ein i ordninga Høgmesse, sjå side 66ff. For øvrig, sjå I B «Særskilt om nattverd>», side 14.

ALTERNATIV I

1 | Inngang

Inngangssalme

Inngangsord

Anten **A**

L frå lesepulten eller ein annan stad i koret, vend mot kyrkjelyden | Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Eller **B**

L frå lesepulten eller ein annan stad i koret, vend mot kyrkjelyden | I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Etter inngangsorda kan liturgen kort seia noko om gudstenesta som følger.

2 | Kollektbøn

L | Lat oss alle be.

Liturgen bed kollektbøna for sundagen eller ei anna bøn som høver.

K | Amen.

3 | Tekstlesing

Her les ein epistelteksten eller ein annan av tekstane for sundagen (på kvardagar frå sundagen før), eventuelt ein fritt vald tekst.

Tekstlesinga tek til med
Det står skrive ...

Kyrkjelyden reiser seg.

Tekstlesinga kan slutta med
Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden set seg.

4 | Preike

Kort preike eller tekstmeditasjon

Her kan følgja

5 | Salme etter reika

Liturgen går til altaret.

6 | Syndsvedkjenning

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

Liturgen bøyer kne, vend mot altaret.

Kyrkjelyden kan knela i kyrkjebenkene, der tilhøva ligg til rette for det.

Ein nyttar syndsvedkjenninga i ordninga Høgmessa (side 27) eller Kveldsbøn (side 325), eventuelt Salme 51 som i ordninga Skriftemåls gudsteneste (side 262).

7 | Forbøn i gudstenesta

L vend mot kyrkjelyden | Lat oss venda oss til Gud i bøn.

Liturgen vender seg mot altaret og bed ei av forbønene i denne boka eller ei fritt formulert bøn.

8 | Salme før nattverden

9 | Nattverdpåminning

L vend mot kyrkjelyden | Kjæraste Kristi vener.

Vi er samla i vår Herre Jesu Kristi namn og vil halda natt- verd med han og med kvarandre. Guds ord minner oss om at vi skal prøva oss sjølv og leggja oss på sinne kva Herren gjev oss når vi kjem til hans bord. Lat oss då høyra kva vår Frelsar sjølv seier om gåvene sine, så vi kan ta rett imot dei: «Dette er min lekam, som vert gjeven for dykk,» og: «Denne kalken er den nye pakt i mitt blod, som vert utrent for dykk til forlating for syndene.»

Av desse orda veit vi at Jesus Kristus er fullt og heilt til stades med sin lekam og sitt blod i brødet og vinen, slik som orda lyder. Så vil vi i tru og tillit ta imot han i brødet og vinen, til forlating for syndene, liv og sæle.

10 | Nattverdbøn og Herrens bøn

L vend mot kyrkjelyden | Lat oss be.

Kyrkjelyden reiser seg.

L vend mot altaret | Evige, miskunnsame Gud. Vi takkar deg fordi du har gjeve din kjære Son i døden for syndene våre, og i han har forsona verda med deg sjølv. Vi bed deg: Gjev oss din Heilage Ande, og skap i oss ei sann tru på din nåde, så vi kan ta imot Jesu lekam og blod til frelse og fred, og verta ein lekam i han.

A seier fram eller syng | **Fader vår, du som er i himmelen!**

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød.

Forlat oss vår skuld, som vi og forlet våre skuldmenn.

Før oss ikkje ut i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.

11 | Herrens innstiftingsord

Herrens innstiftingsord vert sagde fram eller messa.

L | Vår Herre Jesus Kristus, den natta han vart sviken, tok han eit brød, (liturgen tek disken) takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta dette og et det. Dette er min lekam, som vert gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han kalken etter måltidet, (liturgen tek kalken) takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod, som vert utrent for dykk til forlating for syndene. Så ofte som de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

12 | Nattverdmåltidet

L vend mot kyrkjelyden | Sæle er dei som får sitja til bords i Guds rike. Kom, for alt er ferdig.

Nattverdgjestene går fram.

Utdelingsorda lyder:

Kristi lekam, gjeven for deg.

Kristi blod, utrent for deg.

Under utdelinga kan det syngjast høvelege salmar.

Under utdelinga seier liturgen:

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve I dykk (oss) sin heilage lekam og sitt dyre blod, som han gav I til soning for alle dykkar (våre) synder. Han styrkje dykk (oss) og halde dykk (oss) oppe i ei sann tru til det evige liv. Fred vere med dykk.

13 | Bøn etter nattverden

L vend mot kyrkjelyden | Lat oss alle be.

L vend mot altaret | Herre Jesus Kristus, du som er den levande Guds Son og tok på deg ein tenars skapnad og vart lydig til døden, vi bed deg: Lat gåva du gjev i nattverden, gjera oss takksame og glade, så vi ikkje lever for oss sjølve, men for deg, som døyd- de for oss og stod opp for oss. Fyll oss med din kjærleik, så vi kan tena medmenneska våre i lydnad mot din vilje.

K | **Amen.**

14 | Slutningssalme

15 | Velsigning og utsending

L vend mot kyrkjelyden | Ta imot velsigninga.

Kyrkjelyden reiser seg.

L | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. +

K | **Amen.**

L kan her halda fram | Gå i fred. Ten Herren med glede.

Her kan følgja

Postludium

ALTERNATIV II.1

1 | Inngang

Inngangssalme

Inngangsord

Anten **A**

L frå lesepulten eller ein annan stad i koret, vend mot kyrkjelyden | Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Eller **B**

L frå lesepulten eller ein annan stad i koret, vend mot kyrkjelyden | I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Etter inngangsorda kan liturgen kort seia noko om gudstenesta som følgjer.

2 | Kollektbøn

L | Lat oss alle be.

Liturgen bed kollektbøna for sundagen eller ei anna bøn som høver.

K | Amen.

3 | Tekstlesing

Her les ein epistelteksten eller ein annan av tekstane for sundagen (på kvardagar frå sundagen før), eventuelt ein fritt vald tekst.

Tekstlesinga tek til med

Det står skrive ...

Kyrkjelyden reiser seg.

Tekstlesinga kan slutta med

Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden set seg.

4 | Preike

Kort preike eller tekstmeditasjon

Her kan følgja

5 | Salme etter preika

Liturgen går til altaret.

6 | Syndsvedkjenning

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

Liturgen bøyer kne, vend mot altaret.

Kyrkjelyden kan knela i kyrkjebenkene, der tilhøva ligg til rette for det.

Ein nyttar syndsvedkjenninga i ordninga Høgmesse (side 27) eller Kveldsbøn (side 325), eventuelt Salme 51 som i ordninga Skriftemålgudsteneste (side 262).

7 | Forbøn i gudstenesta

L vend mot kyrkjelyden | Lat oss venda oss til Gud i bøn.

Liturgen vender seg mot altaret og bed ei av forbønene i denne boka eller ei fritt formulert bøn.

8 | Salme før nattverden

9 | Nattverd-lovprisning EUKARISTIBØN

L messar eller seier, vend mot kyrkjelyden | Herren vere med dykk.

K | reiser seg og svarar | **Og med deg vere Herren.**

L Lyft dykkar hjarto.

K | **Vi lyfter våre hjarto til Herren.**

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | **Det er verdig og rett.**

L vend mot altaret | Evige, allmektige Gud, du held himmel og jord i dine hend- der, dunemner oss alle ved namn, så vi skal høyra deg til og vera ditt folk på jorda. Saman med dei truande gjennom alle tider og med den store himmelhæren vil vi prisa ditt heilage namn.

A seier eller syng | **Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot, all jorda er full av hans herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.**

L | Heilage Gud, allmektige Herre, nådige Far. Utan ende er di miskunn, ogevig er ditt herrevelde. Du har fylt s apar- verket med ljøs og liv; himmelen og jorda er fulle av din herlegdom. Gjennom Abraham lova du å velsigna alle fol- keslag. Du berga Israel, ditt utvalde folk. Gjennom profe- tane nya du opp att lovnaden din. Og då tida var komen, sende du Son din, han som i ord og gjerning forkynte ditt rike og var lydig mot din vilje heilt til døden.

L seier eller syng | I den natta han vart sviken, tok han eit brød, (**liturgen tek disken**) takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta dette og et det. Dette er min lekam, som vert gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han kalken etter måltidet, (**liturgen tek kalken**) takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod, som vert utrent for dykk til forlating for syndene. Så ofte som de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

L | Difor, så ofte som vi et dette brødet og drikk av kalken, forkynner vi Herrens død, til dess han kjem. **1 KOR 11,26**

K seier eller syng | **Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.**

L | Difor, miskunnsame Far, vil vi med dette brødet og denne kalken koma i hug at Herren gav livet for oss. Og i trua på hans oppstode ventar vi på at han kjem att i makt og herlegdom og vil halda sitt store gjestebod saman med sitt folk.

K seier eller syng | **Amen. Ja, kom, Herre Jesus.**

L | Vi bed deg, allmechtige Far, gjev oss din Heilage Ande. Lat oss kjenna krafta av Kristi oppstode, så vi som tek imot hans lekam og blod, kan leva til pris og ære for din herlegdom og få del i den arven som dei heilage får ljuset.

K seier eller syng | **Amen. Ja, kom, du Heilage Ande.**

L | Sameina bønå vår med bønene frå tenarane dine alle stader og gjennom alle tider, og med forhøna frå vår store øvsteprest, som alltid bed for oss, til dess han kjem med siger, som Herren over alle ting. Ved Han og i Han og i samfunn med Den Heilage Ande skal all herlegdom og ære høyra deg til, allmechtige Far, evige Gud, no og til evig tid.

10 | Herrens bøn

A seier fram eller syng | **Fader vår, du som er i himmelen!**

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød.

Forlat oss vår skuld, som vi og forlet våre skuldmenn.

**Før oss ikkje ut i freisting,
men frels oss frå det vonde.**

For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.

11 | Fredshelsing

L vendt mot kyrkjelyden | Herrens fred vere med dykk alltid.

K | Hans fred vere med deg.

Her kan ein skifta handtrykk med dei næraste ikring og seia:
Fred vere med deg **eller** Guds fred.

12 | Nattverdmåltidet

Nattverd gjestene går fram.
Under utdelinga kan det syngjast høvelege salmar.

Utdelingsorda lyder:

Kristi lekam, gjeven for deg.
Kristi blod, utrent for deg.

Etter utdelinga seier liturgen:

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve dykk (oss) sin heilage lekam og sitt dyre blod, som han gav til soning for alle dykkar (våre) synder. Han styrkje dykk (oss) og halde dykk (oss) oppe i ei sann tru til det evige liv. Fred vere med dykk.

13 | Bøn etter nattverden

L **vend mot kyrkjelyden** | Lat oss alle be.

L **vend mot altaret** | Herre Jesus Kristus, du som er den levande Guds Son og tok på deg ein tenars skapnad og vart lydig til døden, vi bed deg: Lat gåva du gjev i nattverden, gjera oss takksame og glade, så vi ikkje lever for oss sjølve, men for deg, som døyd- de for oss og stod opp for oss. Gjev oss din kjærleik, så vi kan tena medmenneska våre i lydnad mot din vilje.

K | **Amen.**

14 | Slutningssalme

15 | Velsigning og utsending

Anten **A**

L **vend mot kyrkjelyden** | Latoss prisa Herren.

K **Kyrkjelyden reiser seg** | Gud **vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.**

Eller **B**

L **vend mot kyrkjelyden** | Ta imot velsigninga.

Kyrkjelyden reiser seg.

L | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. +

K | Amen.

L kan her halda fram | Gå i fred. Ten Herren med glede.

Her kan følgja

Postludium

ALTERNATIV II.2

1 | Inngang

Inngangssalme

Inngangsord

Anten **A**

L frå lesepulten eller ein annan stad i koret, vend mot kyrkjelyden | Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Eller **B**

L frå lesepulten eller ein annan stad i koret, vend mot kyrkjelyden | I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Etter inngangsorda kan liturgen kort seia noko om gudstenesta som følgjer.

2 | Kollektbøn

L | Lat oss alle be.

Liturgen bed kollektbøna for sundagen eller ei anna bøn som høver.

K | Amen.

3 | Tekstlesing

Her les ein epistelteksten eller ein annan av tekstane for sundagen (på kvardagar frå sundagen før), eventuelt ein fritt vald tekst.

Tekstlesinga tek til med

Det står skrive ...

Kyrkjelyden reiser seg.

Tekstlesinga kan slutta med

Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden set seg.

4 | Preike

Kort preike eller tekstmeditasjon

Her kan følgja

5 | Salme etter preika

Liturgen går til altaret.

6 | Syndsvedkjenning

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

Liturgen bøyer kne, vend mot altaret.

Kyrkjelyden kan knela i kyrkjebenkene, der tilhøva ligg til rette for det.

Ein nyttar syndsvedkjenninga i ordninga Høgmesse (side 27) eller Kveldsbøn (side 325), eventuelt Salme 51 som i ordninga Skriftemålgudsteneste (side 262).

7 | Forbøn i gudstenesta

L vend mot kyrkjelyden | Lat oss venda oss til Gud i bøn.

Liturgen vender seg mot altaret og bed ei av forbønene i denne boka eller ei fritt formulert bøn.

8 | Salme før nattverden

9 | Nattverd-lovprisning EUKARISTIBØN

L messar eller seier, vend mot kyrkjelyden | Herren vere med dykk.

K | reiser seg og svarar | **Og med deg vere Herren.**

L Lyft dykkar hjarto.

K | **Vi lyfter våre hjarto til Herren.**

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | **Det er verdig og rett.**

L vend mot altaret | Ja, det er godt å takka deg, Herre vår Gud, og lovsyngja ditt namn, du Den Høgste, å forkynna din nåde om morgonen og din truskap når natta kjem. Du har skapt oss og held oss oppe. Du gjev oss liv og helse, heim og arbeid, venskap og kjærleik.

Du let Son din leva som eit meneske mellom menneske, du let han døy til frelse for oss og stå opp med evig her- legdom. Du gav oss din Heilage Ande, Hjelparen og Trøystaren, som ikkje let oss vera åleine når vi syrgjer og er redde. I han er du nær oss alle dagar.

Saman med dei truande gjennom alle tider og med den store himmelhæren vil vi prisa ditt heilage narnn.

A seier eller syng | **Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot, all jorda er full av hans herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.**

L | Vi takkar deg, Herre over himmel og jord, du som op- nar di hand og mettar alt levande med det som godt er. Du sende Son din så han skulle lida på krossen, og du reiste han opp frå døden. Han er det sanne brødet, som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv. Vi bed deg: Send din Ande over oss og <lesse gåvene dine, så vi med tru og takk kan ta imot det himmelske brødet. Og liksom kornet har vorte eitt i brø- det og druene i vinen, så gjer oss til eitt med kvarandre og med Herren Jesus Kristus.

L seier eller syng | I den natta han vart sviken, tok han eit brød, (**liturgen tek disken**) takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta dette og et det. Dette er min lekam, som vert gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han kalken etter måltidet, (**liturgen tek kalken**) takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod, som vert utrent for dykk til forlating for syndene. Så ofte som de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

L | Herre Jesus Kristus, så ofte som vi et dette brødet og drikk av kalken, forkynner vi din død, til dess du kjem. **1 KOR 11,26**

K seier eller syng | **Amen. Ja, kom, Herre Jesus.**

10 | Herrens bøn

A seier fram eller syng | **Fader vår, du som er i himmelen!**

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød.

Forlat oss vår skuld, som vi og forlet våre skuldmenn.

**Før oss ikkje ut i freisting,
men frels oss frå det vonde.**

For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.

11 | Fredshelsing

L vendt mot kyrkjelyden | Herrens fred vere med dykk alltid.

K | **Hans fred vere med deg.**

Her kan ein skifta handtrykk med dei næraste ikring og seia:
Fred vere med deg **eller** Guds fred.

12 | Nattverdmåltidet

Nattverd gjestene går fram.

Utdelingsorda lyder:

Kristi lekam, gjeven for deg.

Kristi blod, utrent for deg.

Under utdelinga kan det syngjast høvelege salmar.

Etter utdelinga seier liturgen:

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve dykk (oss) sin heilage lekam og sitt dyre blod, som han gav til soning for alle dykkar (våre) synder. Han styrkje dykk (oss) og halde dykk (oss) oppe i ei sann tru til det evige liv. Fred vere med dykk.

13 | **Bøn etter nattverden**

L vend mot kyrkjelyden | Lat oss alle be.

L vend mot altaret | Herre Jesus Kristus, du som er den levande Guds Son og tok på deg ein tenars skapnad og vart lydig til døden, vi bed deg: Lat gåva du gjev i nattverden, gjera oss takksame og glade, så vi ikkje lever for oss sjølve, men for deg, som døyd- de for oss og stod opp for oss. Gjev oss din kjærleik, så vi kan tena medmenneska våre i lydnad mot din vilje.

K | **Amen.**

14 | **Slutningssalme**

15 | **Velsigning og utsending**

Anten **A**

L vend mot kyrkjelyden | Latoss prisa Herren.

K Kyrkjelyden reiser seg | Gud vere lova. **Halleluja. Halleluja. Halleluja.**

Eller **B**

L vend mot kyrkjelyden | Ta imot velsigninga.

Kyrkjelyden reiser seg.

L | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. +

K | **Amen.**

L kan her halda fram | Gå i fred. Ten Herren med glede.

Her kan følgja

Postludium